

Referat frå møte i skoleutvalet 04.11.25

Møtt:

- **Elevrepresentantar:** Mayla Nilssen Nordlund 1HO
- **Føresette:** Ane Mogstad Strand (vara for Møyfrid Torvik Røkkun), Kristin Børset (vg2)
- **Representantar frå det lokale samfunns- og næringsliv:** Robin Tellesbø - fabrikkssjef Pipelife, Kåre Herrem (vara for Mons Otnes), Hugo Pedersen - ordførar Surnadal
- **Representant for dei tilsette:** Per Arne Hyldbakk
- **Representant for skoleeigar/fylkeskommunen:** Hilde Andersen - rektor

Agenda:

- Referat møte 13.10.25
- Status sak om tilbod- og skolestruktur
- Vi følger opp saker som skoleutvalet ynskjer å arbeide med. Ansvarsfordeling mm.
- Evt.

Referat møte 13.10.25.

Referat godkjent før møtet. Hilde repeterte kor referata ligg: På heimesida til skolen, under «skoleutval».

Status høyring tilbod- og skolestruktur

Saka kom ut sist onsdag (22.10.25). Rektor orienterte nærmare om innhaldet og forslaga, både kva gjeld skolen og regionen. For Surnadal vgs vart forslaget om å ta påbygg til generell studiekompetanse ut av tilbodsstrukturen ståande.

Skoleutvalet følger opp slik:

- Sender uttale til kommunestyret i Surnadal med argumentasjon for kvifor påbygg bør oppretthaldast ved Surnadal vgs. Leiar Hugo og nestleiar Kristin skriv under på vegne av skoleutvalet.
- Skoleutvalet inviterer pressa til skolen fredag 7. november. Skoleutvalet inkludert vara møter for å markere motstanden mot forslaget. Hugo ansvar for å kontakte pressa.

Kva ynskjer skoleutvalet å arbeide med? Ansvarsfordeling:

Viser til saker skoleutvalet ønsker å arbeide med (jf. referat 13.10.25). Skoleutvalet samla har hovudansvaret, men vi er samde om å konkretisere slik at momenta blir følg opp:

- Felles krafttak i alle ledd for å belyse den stadig dårlegare økonomien i distrikta. Denne negative utviklinga må snu, då den får direkte konsekvens for rekrutteringa til arbeidslivet. Behovet for arbeidskraft er større enn nokon gong! Ansvar: Robin

- Arbeide for eit godt og breitt tilbod ved Surnadal vgs, spesielt på vg1. Både kortsiktig og langsiktig. Eit godt tilbod er grunnleggande viktig for å kunne bestå som skole. Å bevare Surnadal vgs er særst viktig for å sikre arbeidskraft i regionen framover. Ansvar: Hugo.
- Behalde påbygg til generell studiekompetanse ved Surnadal vgs. Viser elles til kapittel om dette i skoleutvalet sin høyringsuttale (lenke over). Ansvar: Hugo.
- Trøndelagsavtalen: Avtalen gir ungdom frå Rindal og gamle Halså rett til å søkje skoleplass ved Surnadal vgs. Avtalen er særst viktig for desse ungdommane, sidan Surnadal for mange er den naturlege bo- og arbeidsregionen. Viser elles til kapittel om dette i skoleutvalet sin høyringsuttale (lenke over). Ansvar: Mons
- Fleire hyblar: Det er få tilgjengelege hyblar og dei hyblane som finst er langt unna skolen. Mangel på hybel gjer at enkelte elevar takkar nei til skoleplass hjå oss. Hyblar langt unna både skole og sentrum er også ei utfordring med tanke på trivsel. Ansvar: Elevrådet
- Fråværsreglementet: Kva som reknast som godkjend fråvær og ikkje. Frustrasjon knytt til at helse ikkje reknast som godkjend fråvær. Ansvar: Foreldre/Kristin
- Arbeide for trivsel, inkludering og god psykisk helse:
 - Skoleutvalet ynskjer å setje fokus på god psykisk helse og hindre utanforskap.
- Skoleutvalet kan arrangere for eksempel open dag eller frukost for elevane. Ansvar: Foreldre/Elevrådet
- Fokus på beredskap. Ansvar: Hugo

Forslag på nytt møtetidspunkt vil kome på e-post.

Surnadal, 04.11.25

Hilde Andersen

referent